



Alver Kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: Kjartan Medaas  
Vår: 23/4442 - 23/45357

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

09.06.2023

## Uttale søknad om endra bruk av eksisterende avkjørsle - Gbnr 108/1 Lindås

**Tiltak:** Søknad om deling. Søknad om endra bruk av avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr 108/1  
**Tiltakshavar:** Opplysningsvesenets fond

Saka gjeld søknad om endra bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg til Lindås prestegard. Det er søkt om oppretting av ny grunneigedom for prestegarden.

**Uttale:**

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale om endra bruk av eksisterande avkjørsle i samband med frådelling av prestebustaden på Gbnr 108/1.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett følgjande krav til endra bruk av eksisterande avkjørsle:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den stettar tekniske krav til avkjørsler frå offentleg veg fastsett av Vegdirektoratet i Veglova § 40-43, Vegnormal N100 og forskrift om alminnelege reglar om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg. I regelverk vert det, blant anna, sett krav til geometrisk utforming av avkjørsla, sikt, svingradius, drenering under avkjørsla og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Avkjørsla skal være bygd slik at det er god oversikt i vegkrysset og slik at den fører til minst mogleg ulempe for trafikken i den offentlege vegen. Avkjørsla skal være etablert vinkelrett på kommunevegen og ha ein svingradius på minimum 4,0 meter. Vegmynde kan krevje at innretningar eller vekstar som hindrar sikten i vegkrysset fjerna utan vederlag.
- Avkjørsla sin siktzone vert fastsett ut i frå fartsgrensa i vegen. Dersom veg ikkje er skilta med særskilt fartsgrense 30 km/t, vil fartsgrense være fastsett etter Vegtrafikklova § 6 – tettbygd strøk. Krav til sikt vil da være 4 x 45 meter.

**Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

- På dei to første metrane skal avkøyrsla ha eit jamt fall på 5 cm slik at overvatn frå avkøyringsveg ikkje vert leda inn i kommunevegen. Etter dette kan avkøyringsveg ha ei maksimal stigning (fall) på 1:8.
- Under avkøyrsla skal det leggast ned dreneringsrøyr med ei indre diameter på 300 mm. Dreneringsrøyr skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røyrret.
- Det skal være etablert snu areal på eigen grunn slik at ein unngår rygging ut i og inn i frå offentleg veg.
- Ei føresetnad for endra bruk av eksisterande avkøyrsla frå kommunal veg til ny eigedom, er at det ligg føre tinglyst vegrett over annan mann grunn.

**Merknad tilkomst til ny eigedom:**

Av delingssaka ser vi at eigedom vil ha to tilkomstveggar. Ei tilkomst er direkte frå Fv.5496. Denne ligg i eit uoversiktleg vegkryss der skuleborn kryssar Fv.5496 for å komme til barneskulen. Ut i frå omsyn til trafikktryggleiken i hovudvegen, bør denne avkøyrsla ikkje nyttast.

Den andre avkøyrsla er i frå kommunal veg. Av delingssaka ser vi at avkøyrsla ikkje er ei del av tomta som vert frådelt. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning sett krav om at skal ligge føre tinglyst vegrett over annan manns grunn for å sikre vegtilkomst til eigedom som vert skilt ut.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver Kommune Plan og  
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG